

**UNGT BLOD** heiter konserten som skulekorpsa i Uskedalen og Rosendal skal avvika om vel to veker. Namnet er ei direkte omsetjing av det som er overskrifta på hovudtyngda av repertoaret: Youngblood! Og det kan ha ei dobbelt tyding, det viser til alderen på musikantane.



Tysdag var det øving i Aktivitetshuset i Uskedalen og då vart dette biletet teke. Frå venstre sit Vegard Døsland (U), Anders Bennes (R), Ingebjørg Haugland (U), Amalie F. Helleland (R), Kaja Døsland (U), Vilde V. Skåle (R), Birgitte hjelmeland (U) og Solveig Haugland (U).  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Øvingane går sin gang og søndag 22. februar får vi høyra resultatet i Rosendal Samfunnhus av det som også kan kallast 'Austnes-prosjektet'.

Tysdag kveld i denne veka var det fellesøving og i neste veke er korpsa samla att. Dei er allereie godt på tur mot ein ny minnerik konsert.

Men det blir naturleg nok ein krevande helge-innsjurt fram mot sjølv konserten og då med tubaisten og arrangøren Pål Magne Austnes frå Sunnmøre sjølv i hovudrolla. Dei startar allereie på fredagen, held fram gjennom heile laurdagen og startar innsjurt midt på dagen søndag. Det er store forventningar til resultatet sjølv om det er krevande musikk korpsa har kasta seg inn i.

Denne musikken tar opp i seg mange moderne og fengande rytmer og har appell både til unge og eldre. Det er lagt opp til sju Youngblood-nummer og også ei avdeling med annen musikk. Kvinnheradkorpa er nummer to i landet når det gjeld å byggja opp ein eigen konsert på Youngblood-musikken.

I fjor gjennomførte korpsa 'Brodahl-prosjektet' med bravur, men dette prosjektet er nok ikkje mindre krevande.

Av Ola Matti Mathisen



Slagverk-gruppa har ei stor oppgåve. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Tubagruppa med Håvard S. Eik (U), Jonas Bewer (R) og Jostein Bauge (U). Fjerdemann i gruppa Sebastian Torjusen (R) skimtas med susafonen til høgre i bildet. (Foto: Ola Matti Mathisen)